



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## Møteinkalling

---

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** Skype,  
**Dato:** 08.04.2019  
**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083.



*Dyregrav i Suldal kommune*

## **Saksliste**

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>
AU 15/19	Eventuelt
AU 16/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 17/19	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 18/19	Orienteringssaker
AU 19/19	Søknad om bygging av vedskjol og utedo. Gnr. 5, bnr. 9 Pytten i Bygland kommune.
AU 20/19	Søknad frå Otra kraft om legging av fiberkabel i samband med drift av Holen Kraftverk i Bykle kommune
AU 21/19	Søknad om dispensasjon frå verneforskrift for Vidmyr naturreservat og landskapsvernområde SVR for arrangering av Hovden Ultra 2019
AU 22/19	Søknad om bruk av tråkkemaskin eller snøscooter til transport av hytte frå bilveg til tomt. Ormsavatn, Gnr. 6, bnr. 14 Jo Breivegen. Bykle kommune.

**AU 15/19 Eventuelt**

**AU 16/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**AU 17/19 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

**AU 18/19 Orienteringssaker**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjh@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/3160-2

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 29.03.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	19/19	08.04.2019

## **Søknad om bygging av vedskjul og utedo. Gnr. 5, bnr. 9 Pytten i Bygland kommune.**

### Vedlegg

- 1 Søknad om bygging av vedskjol og utedo
- 2 Søknad om utedo

### Forvalters innstilling

Med heimel i verneforskrift for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombord kap. 1.3.c gir arbeidsutvalet Jan Ove Flodquist løyve til bygging av to vedskjul/søppelbod/utedo ved eksisterande driftshusvære ved Halvorsvatn og Stegilsvatn i Bygland kommune. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Tillate storleik på kvar bygning er inntil 8,75 m<sup>2</sup> BYA. Utforming skal vera i tråd med teikning som følgde søknaden. På bygningen ved Halvorsvatn skal det nyttast shingel på taket. På Bygning ved Stegilsvatn skal det nyttast torv. Til fundament skal det nyttast naturstein eller støypte pålar.
- Alt av bygningsavfall skal transporterast ut og leverast godkjend avfallsmontråde.
- Byggeløyvet gjeld til 8.4.2022. Forvalningssekretariatet skal ha melding straks byggearbeidet er avslutta.
- Det må søkast om tiltaka til Bygland kommune

Med heimel i verneforskrift for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombord kap. 1.3.c gir arbeidsutvalet også løyve til utedoen med storleik 1,1 m<sup>2</sup> BYA som allereie er ført opp ved Stegilsvatn.

Som grunngjeving for vedtaket legg arbeidsutvalet vekt på at bygningane er av beskjeden storleik og skal førast opp ved eksisterande bygningsmasse. Grunneigar driv aktivt sauehald og jaktutleige der bygningane er ein viktig del av driftsgrunnlaget på garden. Behovet for bygningane er dokumentert i søknad.



## Saksopplysninger

Jan Ove Flodquist gnr 5, bnr. 9 Pytten har søkt om oppføring av to mindre bygningar ved eksisterande driftshusvær ved Halvorsvatn og Stegilsvatn i Bygland kommune (vedlegg 1). Sjå også kart nedanfor (plassering merka med blå punkt). Driftshusværet ved Halvorsvatn ligg 50 m. fra Josephsbu turisthytte.



Konkret gjeld søknaden følgjande bygningar:

### *Bygning Store Halvorsvatn*

Bygning for kombinert bruk til søppelbod, vedskjul, utedo og for lagring av båtmotor og drivstoff. Det er berre hovudhytta på plassen i dag og det er ønskjeleg å få eit separat bygg til nemnde føremål. Hovudhytta vert i dag leigd ut i samband med jakt. Storleiken på hovudhytta er om lag 95 m<sup>2</sup> BYA. Utforming av ny bygning går fram av vedlegg 1. Storlek er 8,75 m<sup>2</sup> BYA. Bygningen skal førast opp i reisverk og med liggjande kledning. Materiale på tak skal vera shingel.

### *Bygning Stegilsvatn*

Bygning for lagring av ved og med tilsvarende storlek og utforming som bygning ved Halvorsvatn, men der det skal nyttast torv på taket. Det har tidlegare var nytt oljefyring i hytta. Dette er nå bytta ut med vedfyring noko som krev meir lagringsplass for ved. Storlek på hovudhytta er om lag 60 m<sup>2</sup> BYA. Denne vert leigd ut i samband med jakt.

Søkar har i søknadsprosessen opplyst at han ved hytta ved Stegilsvatn har bygd ein utedo (1,1 m<sup>2</sup> BYA) for om lag to år sidan. Det vart det ikkje søkt om dette og bygningen er såleis ført opp ulovleg. Søkar ønskjer å behalde denne og har søkt særskilt om dette (vedlegg 2).

Båe hyttene hører til Pytten gard i Bygland kommune og er ein stor eigedom. Søkar driv aktivt med sauehald og jaktutleige.



### *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015
- Naturmangfaldlova.

### *Heimelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Verneforskrifta for SVR har eit generelt byggeforbod jamfør kap. 1.1. I kap. 1.3.c er det opna for at det kan gjevast løyve til mindre tilbygg til eksisterande bygningar. I nokre saker har ein tillate at tilbygg vert ført opp som separate bygg der dette er mest praktisk.

## **Vurdering**


### *Naturmangfaldlova (NML)*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Kunnskapsgrunnlaget (§8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har også nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210).

Områda kring nord-vest for Pytten har tradisjonelt hatt funksjon som vinterbeite, i første rekke når det er vanskelege beitetilhøve lenger nord. Om sommaren kan ein og tidvis finne mindre bukkeklokkar i desse områda. Gjennom GPS-prosjektet er det relativt få registreringar i aktuelle område dei seinare år. Truleg heng dette saman med den totale bestandsituasjonen. Gjennom GPS-prosjektet er det ein målsetting at villreinen i større grad skal ta i bruk utkanten av leveområda. Kartet under syner alle registreringar frå GPS-prosjektet.



Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i sak. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

#### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Båe hyttene ligg i område utan større tekniske inngrep. Hytta ved Halvorsvatn ligg som nemnd 50 frå Josephsbu turisthytte og relativt godt synleg i eit ope landskap. Hytta ved Stegilsvatn ligg om lag 2,5 km. frå Pytten gard lenger aust og ligg i eit meir skjerma landskapsrom inn under Stegilsfjell. Det går ei merka sommar og vinterløype frå Langevatn på Ljosland og nordover mot Josephsbu og Gaukhei. Dei merka løypene går tett ved dei aktuelle hyttene. Det er ein del motorisert ferdsel i samband med transport til turisthyttene, samt til driftarhusvera i området. Totalt sett vurderast ferdsel å vera av eit moderat omfang.

Det er små bygningar det er tale om og dei skal plasserast i tilknyting til eksisterande bygningsmasse. Dei vil såleis i liten grad stikke seg ut i landskapet.

#### *Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Det bør stillast vilkår for utforming og materialbruk.

#### *Andre vurderinger*

I forvaltningsplanen er det lagt vekt på at behovet for nye bygningar er dokumentert. Hovudhytta ved Halvorsvatn er av monaleg storlek (95 m<sup>2</sup> BYA). Ein må difor kunne forvente at denne har ein viss lagringskapasitet. I forvaltningsplanen er det lagt føringar om at utviding av eksisterande bygningsmasse kan tillatast opptil ein storlek på totalt 50 m<sup>2</sup> BYA. Forvaltar har likevel forståing for at det er ønskjeleg å bygge eit separat bygg slik at utedo og lagring av ved mv. kan skje i separat bygg. Forvaltar legg også vekt på at det er ein beskjeden storlek på det nye vedskjulet/utedoen.



Eksisterande hytte ved Stegilsvatn er og relativt romsleg ( $60\text{ m}^2$  BYA). Som for hytta ved Halvorsvatn vert det lagt vekt på det praktiske med å ha dei aktuelle funksjonane i eit separat bygg og at det er ein beskjeden storleik på det nye vedskjulet.

Jaktutleige og sauehald er ein viktig del av inntektsgrunnlaget på garden. Det er såleis rimeleg at grunneigar ønskjer ein god funksjonalitet på driftehusværa . Til ein viss grad må ein kunne forvente at behovet for motorisert transport til hyttene vert noko redusert som følgje av betre lagringsmoglegheiter.

Som omtala i saka har søker ført opp eit utedo ved Stegilsvatn utan å søke om dette. Det er nå søkt om å behalde denne. Forvaltar ser alvorleg på dette. All bygging i verneområdet er i utgangspunktet forbode, noko søker er godt kjend med. Når det no vert søkt i etterkant skal saka vurderast med utgangspunkt i at bygningen ikkje er ført opp. Bygningen er av svært beskjeden storleik ( $1,1\text{ m}^2$  BYA) og det er inga separat utedo/vedskul på plassen frå før. Sjølv om hovudbygget må seiast å vera relativt romsleg vert det likevel lagt til grunn at det ville bli gjeven eit byggeløyve til utedoen. Spørsmålet vidare er om storleiken på vedskjulet det er søkt om bør reduserast av di det allereie er ein separat utedo på plassen, evt om ein skal krevje at alle funksjonar (vedskul og utedo) vert samla i eit bygg. Under tvil vil forvaltar tilrå at søker for behalde utedoen som er ført opp og i tillegg får bygge eit separat vedskul slik det er søkt om. Avgjerande er at sjølv det samla arealet må seiast å vera av eit beskjeden omfang, dvs totalt  $9,85\text{ m}^2$  BYA.

## Konklusjon

Det vert gjeven løyve til oppføring av bygningane slik det er søkt om. Dei er av beskjeden storleik og skal byggjast i tilknyting til eksisterande bygningsmasse. Dei vil såleis ikkje virke nemneverdig inn på verneverdiane. Grunneigar driv aktiv sauehald og jaktutleige der bygningane er ein viktig del av driftsgrunnlaget på garden.

Eksisterande utedo ved Stegilsvatn er ført opp utan søknad. Under tvil vert det gjeven løyve til å behalde denne.

# Soppel/vedbod og dass.

Jan Ove søker om å bygge ein bod, sjå teikning. Dette er ved Solgrimslega, Halvordsvatn. Han treng lagingopplass til ved og soppel, på hengsmotor og bensin, i tillegg eit hjøme til dass. Har leigd ut hytta til mye jegarar.

Same boden er tenkt bygd ved Stihildsøygard med same formål. Den hytta blei bygd ned tanke om at ho skulle varma opp med gass og oljefyr. Nå er det vedfyring og han treng vedbod. Han har også leigd bort hytta til jegarar.

Jan Ove Pythén Flodquist

Pythén 5-9 Bygland

July 2019 - 100% Handwritten


After school I went to the local  
library and I decided to go to  
the part of the library where people  
can sit and do their homework or  
work on their assignments.  
I sat at the library for about an hour  
and I did my work and then I  
went home.


I got home and I cleaned up  
my room and then I went outside  
and I played with my dog. After that,  
I went to the store to buy some  
food and then I came back home  
and I did my homework.

2019

August 2019 - 100% Handwritten

August 2019 - 100% Handwritten







Kart

Kart HD


Flyfoto

Hybrid





Kart Kart HD Flyfoto Hybrid







Kart

Kart HD

Flyfoto


Hybrid





Kart Kart HD Flyfoto Hybrid

ohsbu



Fra: Jan Ove Flodquist[bondennoa@hotmail.com]

Sendt: 1.apr 2019 07.07.38

Til: Haug, Jørn Trygve

Tittel: utedo

---

søker om og kan opprettholde drift av utedo på stikilsøygard.

mål ca 1 x 1.10 ingen veger er ikke bygd på stein.

bygde ny do i full fart uten og tenke på og søkke.

beklager dette.

stikils øygard blir base for nye jegere med mange hunder.

håpper ikke d går uttåver arealet på boden jeg har søkt

jan ove



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjh@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/1770-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 15.03.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	20/19	08.04.2019

## Søknad frå Otra kraft om legging av fiberkabel i samband med drift av Holen Kraftverk i Bykle kommune

Vedlegg  
1 3630\_001

### Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 gir arbeidsutvalet Otra kraft løyve til å gjennomføre følgjande tiltak i område langs vegen inn til Store Urevatn i Setesdal Vesthei, Ryfylke landskapsvernombord:

- Legging av fiberkabel på 30 – 40 cm djupne i anleggsveg mellom Skarje pumpestasjon og inntak Reinevatn.
- Grave ned fiberkabel med lengde om lag 575 m. mellom Skarje pumpestasjon og radiohytte ved Reinevatn.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Graving utanfor anleggsveg skal skje for hand slik det er oppgjeven i søknaden. Det skal sørgast for at attgrøing av terrengeinngrep kan skje så raskt som mogleg. Der det er mogleg skal tiltakshavar ta vare på toppdekke/torv og legge dette som toppdekke på traseen.
- Så langt som råd skal arbeida gjennomførast i perioden vegen inn til Store Urevatn er open for ålmenn ferdsel
- Forvalningssekretariatet skal ha melding straks arbeida er avslutta.
- Før graving i marka må tiltaka avklarast i høve til moglege kulturminne i området. Tiltakshavar må kontakte fylkeskonservator om dette.

Som grunngjeving for avgjerda legg arbeidsutvalet vekt på at det er snakk om små tiltak som etter kvart vil vera lite synleg i landskapet. Det ligg og i eit område der det allereie er store



inngrep i form av reguleringsmagasin og anleggsvegar. I nokon grad vil legging av fiber kunne redusere behovet for ferdsel på vegen knytt til drift av anlegga. Ut frå dette kan ikkje arbeidsutvalet sjå at tiltaka påverkar strir mot verneføremålet eller vil påverke verneverdiane nemneverdig.


## **Saksopplysninger**

Otra kraft ønskjer å betre kommunikasjonen mot anlegg knytt til Holen kraftverk slik at dei ulike installasjonane enklare kan manøvrerast. I søknad datert dagsett 14.2.2019 (vedlegg 1) beskriv dei følgjande tiltak:

- Legging av fiberkabel på 30. – 40. cm. djupne i anleggsveg mellom Skarje pumpestasjon og inntak Reinevatn. Dette er ein del av anleggsvegen inn til Store Urevatn i Bykle.
- Legging av kabel mellom Skarje pumpestasjon og eksisterande radiohytte ved Reinevatn. Lengda på kabalen er 575 m, og den skal gravast ned for hand.

Etter planen skal arbeidet gjennomførast i perioden juni – oktober 2019. I søknaden vert det synt til at vegen frå Skarg og inn til Store Urevatn er ope for ålmenn ferdsel jamfør avtale mellom Bykle kommune og regulant frå 1996. Nærare avgrensingar for når vegen skal vera open går fram av avtalen (sjå vedlegg 1).

Kartet under syner dei aktuelle områda og kor tiltaka skal gjerast. Anleggsvegen til Store Urevatn går igjennom området. Vernegrensa er synt med grøn line.



#### Formell bakgrunn for vurdering av tiltaket

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova

#### Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av verneforskrifta kap. 1.1 går det fram at det ikkje er tillate med inngrep som til dømes «..framføring av luftledningar, jordkabler og røyr..». Vidare er det ikkje tillate med «..uttak, oppfylling, planering, og lagring av masse..».



Av verneforskrifta kap. 1.1 går det fram at oppføring av bygningar ikkje er tillate. Søknaden må difor vurderast etter dispensasjonsbestemminga i naturmangfoldlova § 48 (*dispensasjon frå vernevedtak*). Av denne går det fram av forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå verneforskrifta om det ikkje stirr mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Sjølv om begge desse vilkåra er oppfylt gir det inga krav på dispensasjon, men der det kan gjerast ei konkret vurdering av tiltaket.

Områda ligg i særskild kalvingssone *Vatnedalshei* 2. Etter verneforskrifta kap. 4.2 er all ferdsel forbode her i perioden 25. april – 31. mai. Unntak gjeld for ferdsel som følgjer veg og merka løype, samt naudsynt ferdsel for grunneigar for tilsyn av eigedom.

## Vurdering

### Naturmangfaldlova §§ 8 - 12

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane

### Kunnskapsgrunnlaget (§8)


Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har også nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

I naturbasen ligg området definert som kalvingsområde for villrein. Det er også villreintrekk som kryssar vegen. Sjå kart nedanfor. Anleggsvene til Store Urevatn er teikna inn med blå line.





Kartet under syner data frå GPS-merkeprosjektet på villrein og syner posisjonar i månadane juni – oktober i perioden 2006 – 2017. Gjennom GPS-merkeprosjektet har ein avdekkat at ferdsel på vegen i perioden denne er open er ein trekkbarriere for villrein.



Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» i denne delen av verneområdet. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Jamfør naturbasen er det registrert ein del kulturminne i områda langs vegen. Søkar må avklare eventuell konflikt med fylkeskonservator.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i naturmangfaldlova § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

#### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Områda er prega av større tekniske inngrep i form av reguleringsmagasin og diverse anlegg knytt til dette. Det går også ei kraftline eit stykke utanfor vernegrensa. Eit stykke mot sør og nord ligg dei store reguleringsmagasina Botsvatn og Vatnesdalsvatn. Som tidlegare nemnd er det myke ferdsel på vegen inn til Store Urevatn. Noko avhengig av snøtilhøva er vegen open for ålmenn ferdsel frå om lag 1. juli. Otra kraft kan nytte vegen etter behov. Ferdselstilsetting på vegen syner 6730 passeringar i perioden 8. juli – 28. oktober. Hovudtyngda av ferdsel er knytt til helger og med størst trafikk i september månad. Det er elles ein del snøscootertrafikk i området knytt til drift av reguleringsanlegga samt til nokre få driftshusvære i området.



---

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Tiltakshavar pliktar å syte for ei miljømessig og gjennomføring av tiltaka. Vesentleg er at tiltaka vert gjennomført med eit minimum av inngrep i marka og at ein legg til rette for rask attgroing av traseen der denne ligg utanfor vegbanen. Av omsyn til villreinens bruk av området er det ein fordel om gjennomføring så langt som råd kan skje i perioden vegen allereie er open for ålmenn ferdsel.

I dag går kommunikasjonen med anlegga via radioline. Ved å legge fiber vert kommunikasjonen meir stabil. Eit alternativ er å bygge ny og høgare radiomast, noko som ut frå landskapsverknad er ei därlegare løysing.

Betre og meir stabil kommunikasjon i området vil i nokon grad føre til mindre behov for ferdsel på anleggsvegen. Dette er særleg positivt i perioden vegen er stengd for ålmenn ferdsel.

#### *Vurdering etter naturmangfoldlova § 48*

For å kunne gi dispensasjon etter naturmangfoldlova (NML) § 48 må følgjande to vilkår vera oppfylt:

- Tiltaket må ikkje stri mot føremålet i vernevedtaket
- Tiltak må ikkje påverke verneverdiane nemneverdig

Kva som stirr mot verneføremål og verneverdiar vil måtte vurderast ut frå skjønn, men Miljødirektoratet har i sin rettleiar M106 - 2014 lagt til grunn at moglegheita for dispensasjon etter § 48 er snever.

Verknaden på landskapet må seiast å vera små. Fiberkabelen skal gravast ned i anleggsveg. Traseen for kabel som skal gravast ned for hand i marka mellom Skarje pumpestasjon og radiohytta ved Reinevatn vil synast i marka og det vil naturleg nok gå ein del år før det gror til. Inngrepet er likevel av såpass lite omfang at det ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Der det er mogleg bør ein ved gjennomføring ta vare på toppdekke/turv og legge dette som toppdekke på traseen.

Gjennomføring vil gi ein del aktivitet i området. Det vil vera ein fordel at dette så langt som praktisk råd vert konsentrert til perioden det er opna for ålmenn ferdsel på vegen.

Ut frå vurderinga over kan forvaltar ikkje sjå at tiltaka vil stri mot vernevedtaket eller vil påverke verneverdiane nemneverdig.

#### **Konklusjon**

Det vert gjeven løyve til tiltaka slik det er søkt om. De landskapsmessige verknadane er små til ubetydeleg. Ferdsla på anleggsvegen er allereie av eit slikt omfang av tilleggsbelastninga som følgje av tiltaka vil vera liten. Det bør settast vilkår for gjennomføring.

*Kopi:*

*Otra Kraft*

*Bykle kommune*

*Fylkesmannen i Agder*

**Verneområdestyret for Setesdal Vesthei  
Ryfylkeheiane-og Frafjordheiane(SVR)  
v/ Jørn Trygve Haug  
Setesdalsmuseet Rysstad  
Setesdalsvegen 3273  
4748 Rysstad**

(Brevet sendast berre pr. e-post:jorn.haug@svr.no)

## **Otra Kraft søker om løyve til fylgjande aktivitet i SVR verneområdet i Bykle i 2019**

- 1. Legging fiberkabel ca 30 -40 cm djupne i anleggsveg til Skarje pumpestasjon og inntak Reinevatn.**
- 2. Legging kabel på bakken (luftlengde ca 575m) mellom Skarje pumpestasjon og radiohytte Reinevatn. Kabelen skal gravast ned for hånd.**
- 3. Arbeidet vil pågå i barmarksesongen og er planlagt utført juni-oktober 2019.**

### **Bakgrunn for søknaden:**

Otra Kraft har behov for betre kommunikasjon til ovannemnde anleggsdelar for manøvrering av installasjonane og planlegg tilknytning via fibersamband.

Skarje pumpestasjon, inntak Reinevatn, radiohytte Reinevatn, veg Urevatn er del av Holen kraftverk, aggregat 3, kalla Skarjeutbygginga, (kong. res. 15.11.1974, 30.10.1981,02.06.1995).

Otra Kraft har erverva naudsynte rettar for drift og vedlikehald av anlegga via avtale med grunneigarane.

Vegen frå Skarg til Urevatn er open for allmenn ferdsel i samsvar med avtale med Bykle kommune frå 1996.

I avtalen med kommunen er det fylgjande avgrensing med omsyn på ferdsel:

- Vegen Skarg – Øystøy er open frå slutten av mai- 1. juli
- Vegen Øystøy- Skarjesvatn(Skarje pumpestasjon) er open frå 1. juli -25. august.
- Vegen Skarjesvatn- Urevatn er open frå seinast 25. august- 25. september
- Det er sett opp 2 bommar, veg Skarg og Øystøy.

Åpningstida for allmenn ferdsel på vegen til Urevatn er tilpassa tida for reinsdyrkjakt.  
Otra Kraft kan bruke vegen når det er behov.

Vi viser til nedanståande kartutsnitt der aktivitetane er vist.


Kopi av brevet går til Bykle kommune og grunneigarane i området til orientering.

Med helsing  
Otra Kraft

Grunde Johnsen  
Dagleg leiar

Gjermund Espetveit  
Gjermund Espetveit

Kopi: Grunneigarar, adresseliste  
Bykle kommune pr.epost: post@bykle.kommune.no



Adresseliste grunneigarar:

10/1	<b>Gunhild Sjøstrøm</b>	Breimyråsen 68	4628 Kristiansand
10/1	<b>Jan Nesland</b>	Einerstien 16	4623 Kristiansand
10/1	<b>Knut Nesland</b>	Sentrumsvegen 53	4700 Vennesla
10/1	<b>Ola Nesland</b>	Rådyrvegen 12	4707 Vennesla
10/2	<b>Olav Nesland</b>	Søvigneset 3B	4643 Søgne
10/3	<b>Ingrid Olavsdotter Nesland</b>	Godhaugen 17	6522 Frei
10/4	<b>Bjørgulf Nesland</b>	Nedre Sarv 3	4754 Bykle
11/1	<b>Gunnar Tveiten</b>	Munkelia 12A	1163 Oslo
11/2	<b>Anna Tveiten Lüdemann</b>	Ravnåsvegen 438	4706 Vennesla
11/2	<b>Gunnhild Haugen</b>	Gangdalsveien 64D	4618 Kristiansand
11/2	<b>Knut Tveiten</b>	Moseidstranda 19	4706 Vennesla
11/2	<b>Kristine Tveiten</b>	Danskehaugen 17	4708 Vennesla
11/4	<b>Pål Georg Ryningen</b>	Nedre Sarv 22	4754 Bykle
12/1	<b>Åsmund Holen</b>	Grinibråten 70	1339 Vøyenenga
12/2	<b>Olav Holen</b>	Håmåren 10	4754 Bykle
12/4	<b>Torleif Holen Guttormsen</b>	Nordli 4 A	4708 Vennesla
13/2	<b>Torleiv Mosdøl Sælid</b>	Mosdølvegen 6	4754 Bykle



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjh@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2018/7653-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 18.03.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	21/19	08.04.2019

## Søknad om dispensasjon frå verneforskrift for Vidmyr naturreservat og landskapsvernombordet SVR for arrangering av Hovden Ultra 2019

### Vedlegg

- 1 Søknad til Fylkesmannen Agder
- 2 Miljødirektoratet - uttalelse vedrørende tolkning av §10 i Friluftsloven
- 3 Rapport Hovden Ultra 2018
- 4 Løpsmanual Hovden Ultra 2018

### Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 gir arbeidsutvalet Roger Nodeland løyve til å arrangere Hovden Ultra 21. september 2019 der delar av traseen går i Vidmyr naturreservat og Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernombordet. Arbeidsutvalet legg vekt på at arrangementet er av avgrensa storleik og vert gjennomført i ein kort periode. For ein stor del vert det nytta eksisterande stiar og vegar. Ved gjennomføring av tilsvarande arrangement i 2018 var det ikkje registrert skadar på vegetasjonsdekke der traseen kryssa Vidmyr naturreservat.

Det vert sett følgjande vilkår for gjennomføring:

- Om tal deltakarar på lang løype vert over 50 deltakarar må traseen leggast om slik at den berre går på eksisterande stiar og vegar.
- Løyvet til arrangementet kan bli dregen inn på kort varsel om det oppheld seg forstringsflokkar med villrein nær traseen. Arrangør må ha dialog med lokalt SNO om dette i dagane før arrangementet.
- Innan 1.11.2019 må arrangør sende inn kort rapport om røynsla frå gjennomføringa.


Arbeidsutvalet oppmodar arrangør til å ha dialog med råka grunneigarar med siktemål og få til ei semje om gjennomføringa.



## Saksopplysninger

Roger Nodeland har søkt om løyve til å arrangere Hovden Ultraløp 21. september 2019. Sjå vedlegg 1 – 4. Tal deltakarar er oppgjeven til maks. 60. Traseen som skal nyttast er tilsvarende som for 2018 og går fram av karta nedanfor. Det er sett opp to alternativ med ulik lengde. Lang løype går delvis i Vidmyr naturreservat, landskapsvernombordet SVR og Hovden landskapsvernombord. Med unntak for kryssing over Vidmyr naturreservat går traseen på etablerte stiar og vegar. Stutt løype er delvis innom landskapsvernombordet SVR.

Kart lang løype, 51 km:



Kart stutt løype, 23 km:





Det vart gitt løyve til tilsvarende arrangement i 2018. Følgjande vedtak vart fatta av arbeidsutvalet 10.9.2018:

*Med heimel i naturmangfoldlova § 48 gir arbeidsutvalet Roger Nodeland løyve til å arrangere Hovden ultra 22. september 2018 der delar av traseen går i Vidmyr naturreservat og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Arbeidsutvalet legg vekt på at arrangementet i år er av avgrensa storleik og med relativt få deltakarar.*

*Arbeidsutvalet ønskjer å evaluere gjennomføringa av arrangementet for 2018 før det eventuelt kan gjevast vidare løyve til arrangementet. Arrangør må difor sende inn ein kort rapport om gjennomføringa seinast 15.10.2018. Av denne må det gå fram tal deltakarar og vurdering av eventuelle slitasjeskadar på vegetasjonsdekket. Eventuelle skader skal dokumenterast med bilete.*

*For gjennomføring av arrangement komande år vil ein oppmode arrangør til å finne trasear som går på etablerte stiar og vegar.*


*Løyvet til arrangementet kan bli dratt inn på kort varsel om det oppheld seg fostringsflokkar med villrein nær traseen. Arrangør må ha ein dialog med lokalt SNO om dette i dagane før arrangementet.*

*Arbeidsutvalet føreset at arrangør har tett dialog med grunneigarar for gjennomføring av arrangementet.*

I tråd med vedtaket ligg det føre ein rapport frå gjennomføringa i 2018. Sjå vedlegg 2. Kort summert vart det ikkje registrert skadar eller forsøpling som følgje av arrangementet. Det var 33 løparar som deltok, av desse løp 17 deltakarar lang løype som innebar kryssing av Vidmyr naturreservat.

For gjennomføring i 2019 har arrangør vurdert alternative trasear slik at det berre vert nytta trasear på etablerte stiar og vegar og ein unngår kryssing over Vidmyr. Alternativet inneber at deltakarane i større grad nyttar skisentervegen og Rv. 9 slik det går fram av kartet nedanfor (blå linje). Arrangør meiner dette er eit dårlegare alternativ då det vert fleire km. på hard asfalt og med mindre opplevingsverdi. Søkar foreslår at om tal deltakarar på den lengste løypa vert fleir enn 50 – 60 så vert traseen lagt om slik at den berre går på stiar og vegar.

**Kart alternativ trase:**





Eit av vilkåra for gjennomføring i 2018 var at arrangør hadde dialog med SNO for avklaring om det oppheld seg forstringsflokkar nær traseen. Dette vart ikkje følgd opp av arrangør. Dette forklara med at dei nytta feil telefonnummer.

Arbeidsutvalet føresette ein tett dialog med grunneigarar i området før gjennomføring i 2018. Arrangør har gjeve attendemelding om at dei ikkje lukkast med dette då dei ikkje fekk naudsynt kontaktinformasjon frå Bykle kommune. Hausten 2018 tok arrangør skrifteleg kontakt med aktuelle grunneigarar med tanke på gjennomføring i 2019. Attendemeldinga var positiv med unntak av tre grunneigarar. Dei ønskja ikkje organisert aktivitet på sin grunn av omsyn til jaktutøving. Parallelt med dette har arrangør gjort undersøkingar i høve til om dei formelt sett treng grunneigarar sin tillating til slike arrangement etter § 10 i Lov om friluftsliv. Her går det fram at arrangement og bruk av eit visst omfang ikkje kan gjennomførast utan grunneigars samtykke. I ei attendemelding frå Miljødirektoratet får arrangør opplyst at dei vanskeleg kan sjå at grunneigars tillating er naudsynt i denne saka, men der dei samstundes oppmodar arrangør om å hente inn samtykke. For utdjuping sjå vedlegg 2.

### *Heimelsgrunnlag*

#### Verneforskrifta for landskapsvernområde SVR

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av kap. 4.1 i verneforskrifta går det fram at «*..større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar, og militærøvingar, må søke forvaltningsstyresmakta om løyve..*» I forvaltningsplanen kap. 2.5.5 er det sett ei grense på 10 personar for når arrangementet er søknadspliktig. Ein slik søknad må da handsamast etter § 48 i naturmangfoldlova.

Delar av traseen går og gjennom viktig funksjonsområde for villrein (kalvingsområde Storenos 1) der det er ferdelsforbod i perioden 25.4 – 31.5

#### Verneforskrifta for Vidmyr naturreservat

Området vart verna i 1970. Føremålet med vernet er å «*..ta vare på eit stort, representativt myrområde med godt utvikla bakke- og strengemyrer som har ein rik flora med eit stort innslag av artar som er plantgeografisk interessante*». Av kap. 5 pkt. 6 går det fram at reglane i forskriften ikkje er til hinder for «*organisert idrettsutøving til fots eller på ski på frosse eller snødekt mark*». Sidan arrangementet skal gjennomførast utanom perioden med frossen mark legg ein til grunn at det vil vera søknadspliktig etter naturmangfaldlova § 48

#### Naturmangfoldlova § 48 og 36 og 37

Etter § 48 kan det gjerast unntak frå verneforskrifta om det ikkje stirr mot verneføremål og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

På nasjonalt held har det i seinare vore ein del diskusjon om i kva grad ferdel til fots, anten den er organisert eller ikkje, kan regulerast gjennom verneforskrifter. I naturmangfoldlova § 36



(om landskapsvernombordet) går det fram at regulering av ferdsel kan gjerast «..om ferdsel ikkje skjer til fots» I samtale med Miljødirektoratet har ein fått forståing for at denne bestemminga overstyrer reguleringa i verneforskrifta for SVR, sjølv om verneforskrifta kom før naturmangfoldlova. Andre vurderingar kan leggast til grunn om det i verneforskrifta for landskapsverneområdet er gjort ytterligare regulering av ferdsel, til dømes gjennom ferdsselsrestriksjonar.

For verneforma naturreservat § 37, som er ei strengare verneform, synast det klart at verneforskrifta vil regulere ferdsel.

I Hovden landskapsvernombordet er ikkje denne type ferdsel regulert nærmare i verneforskrifta.

Som ein ser av heimelsgrunnlaget er det eit noko uryddig bilet i høve til kva grad ein gjennom verneforskrifter kan regulere ferdsel til fots. Kort summert opp legg forvaltar til grunn at verneforskrifta for Vidmyr er gjeldande for regulering av arrangementet. Vidare legg ein til grunn at verneforskrifta for landskapsvernombordet for SVR kan regulere slikt, sidan arrangementet går igjennom området med ferdsselsrestriksjonar (sjølv om dette berre gjeld delar av året). Ut frå dette vil arrangementet vera søknadspliktig både etter verneforskrifta for Vidmyr og SVR.

## Vurdering

### *Vurdering etter naturmangfoldlova*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.


### *Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt frå NINA sitt pågående GPS-merkeprosjekt og skjøtselsplan for Vidmyr naturreservat (Fylkesmannen i Aust-Agder 2011) Ein har også nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

Kartet under er henta frå naturbasen hjå Miljødirektoratet. Grøn skravur syner trekksone for villrein mellom aust og vesthei. Skravur til høgre i kartet syner kalvingsområde for villrein. Det er også lagt på kjende kulturminne ref. Askeladden. Over Vidmyr går traseen på myrområdet med eit rik flora. Her finn ein innslag av suboseaniske artar, nordlege/alpine artar og sørlege/låglandartar. Fattigmyrvegetasjon dominerer med bjønneskjegg og blåtopp som dei vanlegaste. Det er også eit innslag av kalkrevjande låglandsartar. Ein finn også brudespore, ein orkide knytt til myrslått. I delane av Vidmyr med skog og vierkratt er det rikt med fugleliv, her finn ein artar som til dømes enkeltbekkasin, boltit og rugde. For traseen vidare inn i landskapsvernombordet SVR går denne på sti.

Som ein ser av kartet er det registrert ein god del kulturminne på Vidmyr, mykje knytt til jernutvinning.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.



*Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Når det gjeld trekkområde for villrein er det hovudsakeleg trekkområda lenger nord som vert nytta for utveksling av dyr mellom aust- og vestheia, og da gjerne til andre tider av året. For kalvingsområde lenger vest er bruken knytt til andre tider av året. Vestover frå Nos kan ein treffen på villrein gjennom hausten. Ferdsla i samband med arrangementet vil her kome i tillegg til annan trafikk i løypenetttet, ikkje minst i samband med helgeutfarten. Villreinjakt pågår også i tida for arrangementet, noko som fører med seg ein del uroing for dyra. Ut frå tal deltakarar og det avgrensa tidsrommet vurderer ein likevel at ekstrabelastninga med arrangementet å vera liten. Arrangør bør likevel ha ein dialog med lokalt SNO om dette i dagane før arrangementet.

Når det gjeld vegetasjon og flora er det særleg over Vidmyr det kan vera problematisk med mykje ferdsel. Med mange deltakarar som spring på dei same stadene er det ein viss fare for at det vert synlege spor i terrenget. Vurderinga er likevel at det må eit større tal deltakarar til før dette vert eit problem. I 2018 var det 17 personar som valde lang løype. Erfaringa er og at dei ikkje følger same faret slik at ein får spreidd belastninga på vegetasjonsdekket. Gjennom resten av barmarks sesongen er det meste av ferdselet på Vidmyr knytt til jakt på elg og rype.

Resterande del av traseen går på etablerte stiar som toler ein god del ferdsel.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Arrangør er ansvarleg for at arrangementet vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Arrangementet er planlagt gjennomført ein periode der viltet generelt er mindre sårbart for forstyrring. Om tal deltakarar i lang løype overstig 50 personar må traseen leggast om slik at den berre følgjer eksisterande stiar og vegar. Arrangør må sende inn rapport frå arrangementet tilsvarande som for 2018.

I dagane før arrangementet må det vera ein dialog med lokalt SNO i høve til om det oppheld seg fostringsflokkar med villrein nær løpstraseen.



### *Vurdering etter § 48 i naturmangfoldlova.*

Ut frå den avgrensa storleiken på arrangementet og tal deltakarar kan ein ikkje sjå at arrangementet strir mot verneføremålet for Vidmyr naturreservat eller landskapsvernombordet SVR. Ein syner til vurderinga etter naturmangfoldlova ovanfor. Ein viss negativ påverknad vil ein kunne få på vegetasjonsdekket på Vidmyr men ut frå tal deltakarar er dette svært avgrensa og reversibelt.

### *Andre vurderinger*

Det er stort beklageleg at arrangør ikkje har følgt opp vilkår gitt i løyve for 2018 vedkomande kontakt mot SNO og dialog med råka grunneigarar i forkant av arrangementet. Forklaringa på dette held heller ikkje mål. Når det er sagt så hadde ikkje SNO noko å utsette på sjølve gjennomføringa i 2018. Arrangør verkar og å ha tatt på alvor kontakten mot grunneigarar ref. brevet som gjekk ut seinare på hausten 2018.

Saka er handsama etter verneforskrifta for Vidmyr naturreservat, landskapsvernombordet SVR og naturmangfaldlova. Det ligg ikkje til verneområdeforvaltninga si myndighet å avgjere om arrangementet er av eit slik omfang at det treng løyve frå grunneigarar i høve til Friluftslova § 10. Det er ei sak mellom arrangør og grunneigar. Uansett syn på dette bør arrangør legge vekt på gjennomføring på ein måte som har aksept frå råka grunneigarar. I motsett fall vil det bygge seg opp ein konflikt her som ingen er tent med.

## **Konklusjon**

Det bør gjevast løyve til arrangementet slik det vert søkt om. Arrangementet er av avgrensa storleik og vert gjennomført i ein kort periode. For ein stor del vert det nytta eksisterande stiar og vegar. Ut frå røynsla frå gjennomføring i 2018 var det ikkje registrert skade på vegetasjonsdekke der traseen kryssa Vidmyr naturreservat. Det bør settast vilkår for gjennomføring og rapportering.

*Kopi:*

*Hovden Ultra v/Roger Nodeland*

*Bykle kommune*

*SNO Bykle v/Peter Hermansen*

*Fylkesmannen i Agder*

## Fylkesmannen i Agder

Kristiansand 08.03.2019

### **Søknad om dispensasjon fra verneforskrift for Vidmyr naturreservat og landskapsvernområde SVR for arrangering av Hovden ultraløp.**

Viser til sak i arbeidsutvalget i verneområdestyret for SVR med protokollnummer 31/18. Hovden Ultra 2019 gjennomføres lørdag 21. september og det planlegges å benytte samme løype som i 2018. Vi ber derfor om dispensasjon til å benytte den planlagt traséen over Vidmyr naturreservat.

Initiativtaker ble i fjor gjort oppmerksom på at arrangementet kunne utløse krav om dispensasjon fra grunneier, jfr. Friluftsloven § 10. Vi ønsker god dialog med grunneiere og opprette hensynsfullt i tråd med Friluftsloven. Forespørsel om samtykke ble derfor sendt ut til alle berørte grunneiere, selv arrangementet trolig ikke falt inn under dette kravet.

Tilbakemeldingene var utelukkende positive, med unntak av tre grunneiere som motsatte seg samtykke (Gårdsnummer 1, bonummer 1, 6, 8 og 10). Argumentasjonen var at de ikke ønsker organisert aktivitet på sin grunn og at arrangementet sammenfalt med ulike jaktsesonger. Vi ba derfor Miljødirektoratet om en uttalelse om hvor stort antallet løpere må være før det utløser krav om grunneiers samtykke. Samt hva som er berettiget grunnlag for å nekte løperne å passere området.

Miljødirektoratets uttalelse følger vedlagt. Der skriver de at de vanskelig kan se at arrangementet er av en slik karakter eller omfang at det utløser krav om samtykke. Samtidig oppfordrer de om å innhente samtykke og vurdere eventuelle avslag i forhold til Friluftslovens §10.

Friluftsloven gir ikke jegere noen særskilte rettigheter, men både løpere og jegere har en gjensidig plikt til å opprette hensynsfullt overfor omgivelsene. Erfaringene fra i fjor tilsier at løpeturen ikke medfører nevneverdige forstyrrelser eller skader i terrenget. Grunneierne som ikke ga samtykke er derfor orientert om Miljødirektoratets uttalelse og at arrangementet er en lovlig aktivitet og gjennomføres som planlagt. Vi ønsker samtidig å imøtekomme grunneiernes argumentasjon om jaktsesong og vil informere deltakerne om dette og be dem opprette hensynsfullt. Alternative datoer er vurdert, men det er vanskelig å finne et tidspunkt hvor det ikke også er en eller annen jaktsesong.

